



HAUGSVÆR KRAFT AS  
Handelandsvegen 75  
5451 VALEN

**Vår dato:** 16.10.2023

**Vår ref.:** 202301693-10 Oppgi ved kontakt

**Dykker ref.:** Johannes Flaata/Svein Egil Heimvik Randi Holme 99 21 51 22  
/rho@nve.no

## Haugsvær kraftverk - Gjerdbergelva - Godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Masfjorden kommune

Vi viser til søknaden dykker om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for Haugsvær kraftverk.

### Vedtak

*NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 25.05.2023 for bygging av Haugsvær kraftverk i Gjerdbergelva, Masfjorden kommune.*

### Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Det skal gjennomførast geotekniske undersøkingar av området som ligg i aktsemrdsområde for marin leire før arbeida der tek til. Dersom det vert konstatert at der er kvikkleire må det dokumenterast at tiltaket vert prosjektert og utført slik at tilstøytande terrenge ikkje vert utsett for fare for skadar eller vesentleg ulempe.
- Vi skal godkjenne utkast til opplysningsskilt og føreslått plassering. Skilta skal tilfredsstille krava våre til informasjon for allmennheten.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal.](#)
- Seinast ein månad etter at kraftverket er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen med notatet «*Bakgrunn for vedtak*» 23/2016. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.



Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 19.04.2016 post 4 og 10.

## Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsysteem etter forskrifterna.

## Vår handsaming av søknaden

Det vart gitt konsesjon til bygging av Haugsvær kraftverk 19.04.2016, og i vedtak datert 11.05.2022 vart byggjefristen forlenga med 5 år til 18.04.2026. Det er og søkt om endring i anleggskonsesjonen, og NVE har handsama søknad om godkjenning av detaljplan og anleggskonsesjon parallelt.

Detaljplanen og søknad om endra anleggskonsesjon vart sendt på felles høyring 29.06.2023 til Masfjorden kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Statnett SF, Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap region vest, Telenor Norge AS, BKK AS og Telia Sonera Norge AS.

### Detaljplanen

Inntaket vert bygd på kote 151,9 slik at det ikkje skal påverke vasstanden i Haugsværvatnet. Dette er ein føresetnad i konsesjonen. Vassvegen vert lagt i grøft ned til kraftstasjonen på kote 2. Det vert etablert fire mellombelse riggområde. Eksisterande veg som går fram til kraftstasjonen vert nytta i byggje- og driftsfasen. Utløpskanalen er planlagd som ein lukka kanal med vasslås for å redusere støy. Det vert etablert ein mellombels anleggsveg langs vassvegen som vert sett i stand etter at arbeidet er gjennomført.

Det er dokumentert at det er inngått avtale om netttilknyting og nettleige.

### Fråsegnar

NVE bad primært om fråsegn til detaljplanen frå Masfjorden kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. Vi bad særskilt om kommentarar til endingar i arealbruken som ikkje var avklarte i konsesjonsprosessen. Dette gjeld detaljar kring plassering av inntaket og justering av traséen for vassvegen.

Vestland fylkeskommune ga fråsegn til planen i brev datert 17.08.2023 og skriv:

*«Kraftutbygginga er planlagt i eit område som ikkje tidlegare har vore systematisk undersøkt ved kulturhistorisk kartlegging, og det er fleire areal i tiltaksområda som må avklarast. Vi finn det difor naudsynt å få avklart tiltaksområda knytt til rørtraséen og kraftstasjon gjennom arkeologisk registrering.*

*I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betala last av tiltakshavar. Arkeologiske registreringar kan gjennomførast i sommarhalvåret frå mars til november så framt det ikkje er tele i marka eller snø dekkjer terrenget. For å få stadfesta*



omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag, kan tiltakshavar kan ta kontakt med Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune».

Statsforvaltaren ga fråsegn til planen i brev datert 22.08.2023 og skriv:

«Vi legg generelt til grunn at nye inngrep i naturmiljø og dyrka mark blir avgrensa så langt som råd, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng/landskap, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp. Det inneber bruk av lokale massar, lokalt plantemateriell og med naturlege førekomstar på staden som førebilete.

I detaljplanen er det omtalt at inntaket blir noko endra i høve til det som ligg til grunn for konsesjonen, på grunn av at det er bygt ny veg over elva rett nedstraums. Vi har ikkje merknader til denne endringa

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Vi legg vidare til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering.

Vi minner om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.»

NVE har ikkje motteke fråsegn frå Masfjorden kommune.

#### Vurderingar av fråsegner

Fråsegnene er sendt til konsesjonær for kommentar, og dei vart kommenterte i brev datert 27.08.2023.

#### Kulturminnefaglege undersøkingar

I brev frå Vestland fylkeskommune datert 01.09.2023 er det stadfesta at undersøkingsplikta er oppfylt. Fylkeskommunen skriv: «Det vart gjennomført synfaring i området den 30.08.2023. Etter at synfaring vart utført og ingen funn av automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne vart gjort, så ser vi undersøkingsplikta for Haugsvær kraftverk som oppfylt».

Forholdet til kulturminne er dermed avklart.

#### Forureining og handtering av grunn-, stein og jordmassar


Statsforvaltaren minner om forureiningslova § 7 og Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av grunn-, stein og jordmassar M1234. Haugsvær kraft AS svarer at «Tiltakshaver registrerer Statsforvalteren i Vestland sine høringsuttalelser og vil følge Miljødirektoratets rettleier etter beste evne».

NVE vurderer forholdet som avklart og finn ikkje grunn til å setje særskilde vilkår knytt til Statsforvaltaren sine merknader.



## Vurdering av flaum og skredfare

Flaum og skredfare er vurdert i detaljplanen. Det er opplyst at området kring inntaket ikkje er utsett for flaum- og skredfare. NVE har søkt i farekart 21.09.2023. Nedre del av vassvegen og kraftstasjonen er planlagt i eit areal som er markert som aktsemdsområde for kvikkleire. Arealet ligg under marin grense der marine avsetningar kan førekommme.



**Figur 1:** Nedre del av vassvegen og kraftstasjonen er planlagd innafor areal som er kartlagt som aktsemdsområde for kvikkleire.

Det som gjeld det kartlagde aktsemdsområde for kvikkleire er ikkje nærmare omtalt i detaljplanen. Sidan det kan førekommme kvikkleire i nedre del av tiltaksområdet set NVE vilkår om at det må gjennomførast geotekniske undersøkingar for å avklare dette før arbeidet i nedre del av anleggsområdet tek til. Dersom det viser seg at området inneheld kvikkleire må det dokumenterast at tiltaket vert prosjektert og utført slik at tilstøytande terreng ikkje vert utsett for fare for skade eller vesentleg ulempe.

## Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er nyleg opplyst gjennom konsesjonshandsaming der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Desse er tilstrekkeleg oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi viser til vurderingane i konsesjonsprosessen.



### *Vurdering av minstevassføringsarrangement, skilting og merking*

Minstevassføring vert sleppt gjennom ei utsparing i terskelen der det vert støypt inn eit v-profil. Det vert montert trykkmålar i v-profilet og skjerm/display ved inntaket for avlesing av minstevassføringssleppet. Løysinga med utsparing i terskelen og v-profil er sårbar i høve til tilstopping og vi rår difor til at det vert sett opp kamera for overvaking av minstevassføringssleppet.

Metoden de har skildra for slepp- og dokumentasjon av minstevassføring oppfyller krava i post 1 i konsesjonen. Dette føreset at de installerer og driftar utstyret riktig.

Vi set krav til minstevassføringsarrangementet sin funksjon og godkjenner prinsippa for målemetode og løysing for slepp, men ikkje val av utstyr eller leverandør. Difor må de kunne dokumentere skriftleg for oss, at de har kalibrert og kontrollmålt utstyret.

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring ikkje oppfyller krav som er sett i vassdragskonsesjonen, kan vi krevje ombygging, jf. vassressurslova § 59.

Allmennheita skal kunne kontrollere at pålagd minstevassføring er oppfylt. NVE rettleiar 3/2020 «*Slipp, måling og dokumentasjon av minstevannføring*» skildrar korleis dette kan løysast. Sjå mal for opplysningskilt på nettsidene våre [www.nve.no](http://www.nve.no)

### **Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til**

#### *Plan- og bygningslova*

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke byggeskahandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggeskak (FOR 2010-03-26-488 - byggeskaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggeteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

#### *Forskrift om damsikkerheit*

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) er godkjend av NVE i vedtak datert 21.08.2023.

#### *Naturførekommstar, landskapsområde og kulturminne*

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

#### *Private rettigheter*

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida tek til.

#### *Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk*



De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

**Det skal sendast inn dokumentasjon til Masfjorden kommune når anlegget er ferdig bygd**

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til kommunen slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

**Høve til å klage**

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård  
direktør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

**Mottakarliste:**

HAUGSVÆR KRAFT AS

**Kopimottakarliste:**

TBD - Seksjon for damsikkerhet - Steinar Lund  
MASFJORDEN KOMMUNE  
Kleppconsult AS  
FOSSBERG KRAFT AS - SVEIN EGIL HEIMVIK  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
EKN - Seksjon for nett-konsesjoner - Jonas Mathisen



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntake offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klag på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndighet.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

*Denne forklaringa bygger på forvalningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*